



Saksdokumenter:

KM 27/21 Val av ekstern revisor
KM 27.1/21 Fyrste innstilling frå komité C

Val av ekstern revisor

Endeleg innstilling frå komité C

Samandrag av saksorienteringa

Kyrkjemøtet skal velje revisor for rettssubjektet Den norske kyrkja. Etter Regler for Den norske kirkes kontrollutvalg § 4 er det kontrollutvalet som innstiller til Kyrkjemøtet i denne saka.

Kyrkjerådet førebur saker for Kyrkjemøtet og står derfor som oppdragsgjevar for å hente inn tilbod om revisortenester for rettssubjektet.

Tilboda er henta inn i tråd med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974 del L. Avtalen gjeld for to år (2021 og 2022) med opsjon på ytterlegare to år (2023 og 2024). Anskaffinga gjeld revisjon av årsrekneskapen for rettssubjektet Den norske kyrkja. Dette består av balanse, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret, og forklaring (beskriving) av dei vesentlege anvendte prinsippa for rekneskapen og andre noteopplysningar.

Den økonomiske ramma for oppdraget er anslått til å ligge under 1,3 mill. kroner for dei fire åra i perioden.

Kyrkjerådet anbefalte til Kontrollutvalet at ein vel EY som revisor.

Kontrollutvalet innstilte på møtet 2. september på at Kyrkjemøtet gjer vedtak om å velje EY som revisor for perioden 2021-2022, med opsjon for åra 2023-2024.

Komiteens merknadar

Komiteen legg Kyrkjerådet si saksorientering til grunn, og har elles ingen merknadar.

Kyrkjemøtets vedtak

Kyrkjemøtet vel EY som revisor for rettssubjektet Den norske kyrkja for 2021-2022, med opsjon for åra 2023-2024.

komitéleiar

saksordførar